



# FEMME FATALE

*Kvinner kan vere BÅDE SEXY OG HA BEIN I NASA. Det viser NIKA ZUPANC med designa sine.*

TEKST CECILIE MOLVÆR JØRGENSEN

– DU MÅ FORSTÅ AT EG ALLTID HAR hatt ein trong til å gjere opprør, vere litt rebell. Det er ein del av livsfilosofien min, ein del av den eg er, av korleis eg tenker og oppfører meg, fortel Nika Zupanc.

Slovenske Nika er nemleg ikkje som alle andre designarar. For det første er ho kvinne, noko som i eit ganske så mannsdominert miljø er unikt i seg sjølv, men for det andre – og kanskje det viktigaste – ho viser at ho er kvinne. Designa hennar er utprega feminine, med ein sexy, utfordrande look – tenk fransk lettkledd stuepike med yppige former, kvit blondhett og fjærkost. Men i motsetning til stuepike, som kanskje er litt «lett på tråden», er designa hennar – og Nika – så absolutt seriøse aktørar.

– Arbeida mine tematiserer den konstruerte rolla kvinner har i samfunnet, seier ho. – Som designar må du ta opp nye verdiar, endre kvardagslivet. Stille spørsmålsteikn ved saker som virkar for sikre til å i det heile tatt bli stilt i tvil.

Vi såg det alle- reie i Milano i 2006, då ELLE

Interiør først møtte Nika på Salone Satellite, den delen av møbelmessa via unge, uetablerte designarar. Den gongen stilte ho ut barnevugger i pleksglas, og utmerka seg som ei som gjekk nye vegar. Kolleksjonen fekk mediemerkeemd i fleng, og fekk tilnamn som «techno chic», «punk elegance» og «larger than life».

To år etter, i 2008, presenterte det nederlandske designumikumet Marcel Wanders og Moooi lampen *Lolita*, signert Nika. Nok ein gong gjekk media amok. Men denne gongen, med ein så stor produsent i ryggen, fekk Nika òg produktet sitt ut til folket; det var ikkje berre ein «mediahype». I Milano i år innlemma Moooi enno ein gong Nika sine produkt, stolen og bordet *Five o'clock*. I tillegg lanserte ho sin eigen kolleksjon *Gone with the Wind*, med eit uuttalt nærver av sterke kvinner i litteraturhistoria.

Men enn så lenge er *Lolita* det produktet som har gjort seg aller mest merka på designscena, og det produktet Nika sjølv er mest glad i.

– Det var det første produktet som kom i produksjon, og endeleg i sal i april i år. Det tok oss to år å utvikle det endelege resultatet, men no er vi overbevist om at vi har klart å skape eit nytt ikon med ei lang framtid framfor seg, fortel ho.

Akkurat som ho sjølv. □

På nett: [nikazupanc.com](http://nikazupanc.com)



1. Modesty Bench frå *Gone with the Wind*-kolleksjonen, 2010.
2. Scarlet Table frå *I will buy flowers myself*-kolleksjonen, 2009.
3. Upper Case, 2010.
4. *Lolita*, produsent Moooi, 2008.
5. Nika Zupanc.
6. *Unfaithful feather duster*, 2007.
7. *Konstantin Beta*, 2009.
8. *Five o'clock Chair*, produsent Moooi, 2010.

